

# FJÆRLAND



Fjærland reiselivslag, 6848 Fjærland

NVE  
Pb 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

## Høyringsuttale frå Fjærland reiselivslag

Uttalen gjeld generelt for alle vasskraftutbyggingane i Fjærland som no søker om konsesjon.

Reiseliv og landbruk er dei største næringane i Fjærland. Naturen med Jostedalsbreen, Fjærlandsfjorden og lett tilgjengelege fjellområde er saman med opplevingsverksemder som Norsk Bremuseum og Den norske bokbyen viktige reisemål.

Reiselivsnæringa er i stor grad avhengig av eit aktivt landbruk i bygda som held oppe kulturlandskapet og sikrar busetjing. For reiselivsnæringa er det difor viktig at landbruket har gode rammevilkår. Å kunne utnytte naturressursane som hører til gardsbruka er ein vesentleg del av dette, og vi trur at inntekter frå vasskraftutbygging kan vera avgjerande for ein del gardbrukarar i ei elles usikker tid for landbruket.

Vi har lest dei ulike søknadene og fått god informasjon på NVE sitt høyringsmøte.

Utbyggingane følgjer i hovudsak eksisterande vegar/skogsvegar, dvs at områda allereie er prega av inngrep. Det syner seg at slike vegar i praksis fører til meir turgåing og bruk av naturen - ikkje mindre. Elvane som er planlagt utbygd er i sommarsesongen mykje skjult i gjel og ikkje minst av krattskog. Det er sjølv sagt viktig at ein tenker godt gjennom utsjånaden på dei fysiske inngrepa, og ut frå den informasjonen som er gitt ser det ut til at utbyggjar er seg dette bevisst.

Vi meiner at dei omsøkte kraftutbyggingane ikkje vil forringe opplevelingane av naturen og bygda, under føresetnad av at dei planlagde omsyna til naturmangfold og estetikk i dei omsøkte prosjekta vert gjennomført.

Fjærland, 10.mars 2014

Fjærland reiselivslag

John Brække

leiar